




## Påskehelsing frå NIM

Underlege veker! Bygder og byar er meir eller mindre nedstengde. Smittevernreglane skal hindra i at Korona-smitten breier seg. Det er fint! Men korleis har me det når alt vert annleis? Det sosiale livet vert sterkt redusert både for deg og meg, og for dei som bur på institusjonar. Heldigvis gjev telefonen og andre kommunikasjonsformer oss høve til å halda kontakten.



No i desse påsketider har Ole Bjørn Kristensen lese inn fine påske-refleksjonar (lydfiler) av **Jostein Ørum** «De som så ham» (Verbum forlag). Det ligg 40 korte opplesingar om namngivne og anonyme personar som var rundt Jesus desse påskedagane. Lytt til dei i små porsjonar, litt kvar dag i påsken. <http://www.bedehusweb.no/podcast/> God lytting!



**FORKYNNING** Når det ikkje vert arrangert møter, så er det andre moglege måtar å høyra Guds ord eller «møtast»: på [www.bedehusweb.no](http://www.bedehusweb.no) og på [www.kvam.kyrkjer.net](http://www.kvam.kyrkjer.net) er det mogleg å få med seg preiker og møter.

Når det ikkje er møter, vert det heller ikkje kollekt til arbeidet på bedehuset. De kan gjerne gje på vipps nr. 103415 (eller overføra til 3530.20.31469)

**TELEFONVENN** Nokre treng kanskje å prata med ein annan som har tid til å lytta. Du kan ringja Ragnhild Skeie, mob.nr. 928 35 538, så vil ho tildela deg éin du kan prata med på telefonen, slik du treng det.

**BØN** No har me god tid til å lesa Bibelen og be. Vegen til Gud er ikkje avgrensa av restriksjonar. På [bedehusweb.no](http://www.bedehusweb.no) er det også høve til å få forbøn, Audun Aase er kontaktperson. Oppmoding til forplikta seg til fast bønnetid for bygda vår, kyrkje og bedehus, land og folk finn du også på <http://www.kvam.kyrkjer.net/Artikler/Artikkeldetaljer/ArticleId/71689/BON>  
**EDUGNAD**



**FAMILIAR** Familiar i Norheimsund indremisjon får ein liten påskepakke levert på døra til dei som vil ha litt godt tips om påskefeiring. På Øystein Chris si Facebookside er det daglege samlingar kl 12.00. Nytt AWANA PÅSKE opplegg frå IMF-ung: <https://www.awana.no/2020/04/03/awana-har-laget-4-samlinger-som-vi-haper-familier-kan-ha-glede-av-i-pasken/> Anna: [www.superblink.no](http://www.superblink.no)



## FAMILIE PÅSKEKAHOOT

Kyrkja legg ut påskekahoot for familien skjærtorsdag kl 18.00 (for vaksne første påskedag kl 18.00).

## PÅSKEVANDRING

vert det opna for rundt Norheimsund kyrkje frå palmehelga. Finn tekstar/opplegg (tekstar mest for vaksne) på [www.kvam.kyrkjer.net](http://www.kvam.kyrkjer.net) eller kyrkja si facebookside. Fint om folk går på litt ulike tider av påskedagane.

Johannes døyparen peikar på Jesus og seier:

« Sjå, der er Guds lam, som ber verdsens synd! Joh.evang. 1,29b.

Gud var sjølv offerlammet gjennom Jesus, - for ein kjærleik, - for eit offer! Gud gav alt gjennom Jesus for at du skulle få tilgitt all di skuld, og finna kvile for di sjel !

Vegen inn til Gud går gjennom den korsfeste og den levande og oppstandne

Jesus! Alt du treng inn for Gud har du i Jesus! « Frykt ikke mere! Evig er han

med. Troens øye ser det: Han gir liv og fred! Kristi navn er ære, Seier er hans vei,

Evig skal han regjere, Aldri frykter jeg! Velsigna Påskehelg ! Solveig Norheim

God påske! Han er oppstaden! Ja, Han er sanneleg oppstaden!

Helsing NIM styret v/Eli Tveitane